



Kaffihålo ligg i ei praktfull natur-ramme

Anne Kari og Svein Ottar Rørheim har nyleg overteke bruket Kaffihålo som ligg idyllisk til ved Bjørkehølen tett på Uskedalselva. Dei eig frå før Kjærland lenger nede i dalen, Kjøpet er eit nytt døme på at bøndene i Uskedalen er interessert i å satse på ei framtid i yrket. Svein Ottar seier til uskedalen.no at kjøpet skjer mest med tanke på den neste generasjon.

Kaffihålo er på rundt rekna 100 mål, men berre 6-7 mål er dyrka og resten skog og beite. På Kjærland er det 45 mål som er dyrka og forgrunnlaget vert dermed betydeleg styrka.

Bruket var eigd av Arne Monsvik som bur på Bømlø, men bruket i Uskedalen var heimstaden til bestemora hans og familiet har nytta Kaffihålo som feriestad og ikkje minst som 'fiskebase'. Det gjeld i særleg grad sonen Asbjørn, som har vore ein av dei ivrigaste fiskarane i elva.

Han innrømmer at det var med blanda kjensler dei selde staden, men det var naudsynt av praktiske grunnar.
- Og eg skal slett ikkje slutta med fisinga. Eg har bubil og finn sikkert ein eller annan parkeringsplass, seier Asbjørn. Han jobbar på ein supplybåt i Nordsjøen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen